1

Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68 | Fylke: Møre & Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Hareid

Emne: Bålbrenning | Bygdelag: Nedre Hareidsdalen

Oppskr. av: Ludv. N. Holstad | Gard: Holstad

(adresse): Hareid | G.nr. 46 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Noko etter eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): og noko etter andre gamle folk.

SVAR

Sporsm. 1. Før høyrde eg inkje anna ord enn brising, men i seinare tid har bål også komi meir og meir i bruk.

Spm. 2. Nei, alt er brising eller bål.

Spm. 3. Ja, eit bål er større enn ein brising. Men før brukte dei og det brising på Jonsokelden anten han var stor eller liten.

Spm. 4. Nei, dette er visseleg ukjent her. Takke til dei hadde ved i grua eller omn sopass dei inkje fraus altfor mykje.

Spm. 5. Nei, dette har eg aldrig høyrt noko om her i bygda.

Spm. 6. Nei, ukjent.

Spm. 7. Nei har aldrig høyrt gjete det her.

Spm. 8. So langt attende nokon veit har det vore brent brising (bål) Jonsokkvelden, og likeins Syftesok-kvelden. Men Olsokbål kjende ei inkje til for 50-60 år sidan. Men det er inkje heilt fritt at det har bytt litt dei siste åra.

14077

Spm. 9. Nei, ingen kjenner noko slikt her i bygda.

Spm. 10.-11. Ukjent her.

Spm. 12.-13. Jonsokbåla skulle inkje tendrast altfor tidleg på kvelden. Til skymingi kvelden var til betre lyste bålet. Inkje noko viss tid det skulle brenne. Det brann alt med der var noko som tok eld.

Spm. 14. Her var mange bålstader i bygda. Somme var visse frå år til år. Andre brende sin brising der det var lettast å samla veden ihop. Oftast har det vore eit bål for kvar gard, og da kunne det vera ei 10-12 bål i bygda Jonsokkvelden.

Spm. 15-16. Ofte brende dei på same staden men inkje altid. (Sjå spm. 14.)

Spm. 17. Veit inkje noko om dette.

Spm. 18.19. Alle er med, men helst er det borna som stellar med å få i brennefanget ei 8-14 dagar før kvelden kjem. Og born og ungdom og mødrar med små born er mesteparten av dei som møter fram. Men alle som vil fær vera med.

Spm. 20. Ja, det er mest borna som driv med det, men dei vaksne hjelpa til ofte.

Spm. 21. Lag og foreiningar av ymse slag har stundom bål, men om det er so gamalt veit eg inkje. Kanskje berre i 20-25 år. Eg huger likevel at det var brent bål av ei ungdomsforeining for over 50 år sidan.

Spm. 22. Nei, det er ukjent her.

14077
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Spm. 23-24-25. Nei eg veit ingenting om at det vart bygt opp ommorleis enn som ein rund haug. Noko grue av stein brukte vi inkje. Alt som hadde lett for å brenna vart samla saman og stjagla opp i ein haug eller dunge. Tjøretunner og gamle tjørebredde båtar var noko av det likaste, men nokso vanskelegast å få i. Elles var det mangt slag, men mest vart det eine og lyng frå utmarka. Det var lettlegast og mest av. Gslag lauvved er ukjent. Likeeins ukjent med figurar og krossar. Det var berre billegt brennefang ihoparaska og kasta i dunge og tendra på.

Spm. 26.27. Nei dei betala ingenting for bålvyrket. Og mest var det slikt som liten verd hadde. Største delen av det vi brende i min barndom i 1890 åra var slikt vi reiv i utmarka, eine, lyng og kanskje litt gamle røter, gamal matrial, fjøler og mei slikt. Alle som var med på eit bål fann noko å koma med frå kvar sin heim.

Spm. 28. Å, det kan vel henda at det vart raska med seg yonse som ein inkje åtte av slikt som låg og slang. Men stelling kalla vi det inkje.

Spm. 29-30. Eg høyrer inkje at vi hadde noko namn på denne raskinga. Nei her finst ingen tradisjon om dette no.

Spm. 31. Eg veit inkje om nokon regel med storleiken og skapa på brisingane.

Spm. 32. Ja, det var ei ære for garden og dei som stelte til bålet at det var

14077

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

stort og helst litt större enn dei andre. Og denne kappelysta har halde seg oppe i seinare tid.

Spm. 33. Ja, det skulle helst brenna klårt og med hög flamme.

Spm. 34. 35. Nei bålet skulle helst ikkje ryka, og iallfall minst mogeleg. Eg höygrar ikkje at nokon la vinn på å få det til å opreista ~~mest~~ gneistar, utan dei minste gut-ungane etter at bålet var nestan utbrent. Dei vaksne la seg ikkje utom det.

Spm. 36-37-38-39.
Dessverre har eg ikkje höyrt noko om eit djupare meining kring elden eller röyken. Ingen ting av det som er nemnt i desse spörsmåla kjenner eg til her i vår bygd.

Spm. 40. I eldste tid og minnast leika vi ved bålet eller ein annan stad ikkje langt ifrå. Seinare vart det jonsok-samkomor med leik og mat helst i store låder på ein gard, og dette kunne vera mange stader i bygda. Vi kalla det helst å feire (turre) jonsok.

Spm. 41. Ja i eldre tid var det helst slik at det var ungdomen og dei största borna som kom i lag på jonsokturinga. Somme av dei eldre kom og var med men dei fleste var ikkje der ungdomen var. Dei kom heller saman og prata i tuna.

Spm. 42. Nei, ingen heldt seg ved bålet heile natta. På ei 2-3 timar

14077
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

var det nedbrent. Dei som heldt seg lengst ved bålet var vel gjetungane. Dei vaksne hadde so mangt for seg leik og dans og smått smaking på flaska kanskje og.

Spm. 43. Nei dette har ikkje vore skikk her i bygda frå gamalt, som nokon no veit om eller minnest.

Spm. 44. Dansa gjorde dei nok men ikkje akkurat attmed bålet. Dei gjekk andre staden med det.

Spm. 45-46. 47-48. Hoppa over det nedbrende bålet var det mange som gjorde, men og såg aldri vaksne eller eldre folk gjera. Det var no helst ein leik og sport for gjetane i 15-16 års alderen. Springe gjennom røyken var ogso ein tevling helst mellom gjetane i framslengs-alderen. Eg har ikkje sett eller høyrt gjete at nokon tok med seg kol frå bålet.

Spm. 49. Å peika på nokor serleg oppgåve som folk meiner at bålbrenninga har no i dag er vel vanskeleg. Folket ser på det som ein gamal tradisjon og ei god skikk som vi har lyst å halda oppe utan å vilja seia at det har anna meining enn det å koma saman til å brenna ein brising i ljose sommarnatta. So langt attende som nokon veit eller høyrt fortalt har denne skikken vore i bruk i bygda vår, og har heller auka enn minka i seinare tid. Det kjem vel av at i seinare tid har mange lag teke seg til med brenning og leikar i store lader eller ute i fri luft på haugar og slettar.

14077
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

dette gjeld helst losjer og ungdomslag.
Men at det kan sjå ut til at
bålbrenninga har auka i seinare tid
kan vel også koma av at folke-
talet har auka. Borna og ung-
domen slær seg saman i flokkar
og lagar til brising, ofte både 2 og 3
bål på dei største gardane.
Eg trur det var meir slik for ei
60–70 år sidan at dei var fleire
gardar som kom i lag og festa med
brising og leik.
Elles so er det ein tendens til
å gå over til ei festnatt ~~på~~ med
mat og leik for dei ymse lag i
bygda. Både jonsok og Syftesok-
kvelden vert nytta av eit eller
anna lag til å tena pengar på, til
sanitet og misjon og mangt anna.
Og desse matsala (mest rjomegraut)
går då for seg omtrent på same
tid som båla lyser rundt på gar-
dane, og held på til langt på natt.
Men borna dei har sin eigen fest
i lødene kvar einaste jonsokkveld,
med jonsokbrud og mat på lang-
bord som eit ordentleg brudlaup.
Då smell brusflasketoppane i lufta
og dei syng og talar og har det moro.
Men dette er helst so nyare dato.
Eg huskar det ikkje frå min barndom.
Men likevel har ein gamal mann
fødd 1853 fortalt at han var med i eit
jonsokbrudlaup kring 1860.
Men som sagt idag går det for
seg overalt i bygdene her.

14077

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING